

Fylkesrådet i Møre og Romsdal
v/ Eivind Hasle, Skeivegen 28 E, 6650 Surnadal
tlf 71 66 18 13/ 950 65 485 / eivhasl@online.no

Surnadal 25 02 2014

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Høyring om endringar i alkohollova

Actis, Møre og Romsdal har på årsmøte 14.februar 2014 i Molde m.a. vedtatt følgjande fråsegn om forslaget til endringar i alkohollova:

Pol-utviding gir fleire rusproblem!

Vinmonopolet ønsker å ha fleire salsdagar i tilknytning til jul, nyttår, påske, pinse, valdagar og folkerøystingar – og vil samtidig gjere det lettare å få utlevert alkohol via postverket, til dei opningstidene posten har lokalt.

Regjeringa framstiller dette i høyringsforslaget sitt som reint praktiske spørsmål om serviceholdningar, og hevdar at det er tiltak som er nødvendig for å halde god oppslutning om vinmonopolordninga. Men samtidig veit vi at det er svært mange grunnar for at det ikkje er ønskeleg å gjere alkohol lettare tilgjengeleg t.d. inn mot høgtider som jul og nyttår. Vi veit at impuls kjøp i siste liten inn mot slike langhelger også gjerne skjer av personar og i familiar der det frå før er stort alkoholbruk, og der også ektefeller, barn og ungdom i stor grad må oppleve ”passiv drikking”, dvs. dei negative verknadene av alkoholen. Som kjent er det i vårt land t.d. mange titals tusen barn og ungdommar som kvart år får øydelagt høgtidsdagane på grunn av foreldras alkoholbruk. Ei rad undersøkingar viser at folk flest har forståing for at det er nødvendig å akseptere visse restriksjonar for å halde alkoholbruken og alkoholproblema på eit så lågt nivå som råd. I tillegg kjem motstanden i fagrørsla, som ikkje ønsker å få svekka tariff-festa arbeidsavtalar.

Actis, Møre og Romsdal, går derfor mot framlegget om fleire salsdagar for Vinmonopolet.

Actis ,M&R ser det også som svært ønskeleg at det framleis er nasjonale ordningar som regulerer talet på opningsdagar og -tider når det gjeld varer frå Vinmonopolet.

Med vennleg helsing

Eivind Hasle
Fylkesleiar i Actis, M&R